



Møtebok

# REPRESENTANTSKAPSMØTE

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

**Onsdag 12. november 2025**

Kl. 09.00 i Saunesmarka

**Innkallinga går ut til:**

- Tine Storøy, Herøy
- Karl-Oskar Sævik, Herøy
- Linn Therese Sævik, Herøy
- Børre Oddmunn Haanes Waagan, Herøy
- Knut Erik Engh, Ulstein
- Elisabeth Hoddevik, Ulstein
- Oddvar Gjerde, Ulstein
- Bernt Brandal, Hareid
- Jeanette Teigene, Hareid
- Dag Vaagen, Sande
- Camilla Auflem Vik, Sande

Meld frå til dagleg leiar om du ikkje kan møte, så kallar ho inn varamedlemmer. Innkallinga blir også sendt til revisor, Vest Kontroll, styret og eigarkommunane.

**Vedtakssaker:**

- Sak R9/25 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak R10/25 Godkjenning av protokoll frå møtet 22. mai 2025
- Sak R11/25 Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen saman med leiar av representantskapet og styreleiar
- Sak R12/25 Budsjett 2026 og gebyrregulativ 2026
- Sak R13/25 Økonomiplan 2026 – 2029
- Sak R14/25 Strategiplan 2026 - 2029
- Sak R15/25 Møtedatoar 2026

**Orienteringssaker:**

- Sak R16/25 Økonomisk resultat per august og prognose for 2025
- Sak R17/25 Generelle orienteringar ved styreleiar og dagleg leiar

## Møtebok – representantskapet

### Vedtakssak R9/25

Godkjenning av innkalling og sakliste

### Forslag til vedtak:

Representantskapet godkjenner innkallinga og saklista.

### Vedtak:

## Møtebok – representantskapet

### Vedtakssak R10/25

Godkjenning av protokoll frå møtet 22. mai 2025

### Forslag til vedtak:

Representantskapet godkjenner protokollen frå møtet 22. mai 2025.

### Vedtak:

## Møtebok – representantskapet

### Vedtakssak R11/25

Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen saman med leiar og dagleg leiar.

### Forslag til vedtak:

XX blir vald til møteleiar. XX og XX blir valde til å signere møteprotokollen.

(Sist signerte Linn-Therese Sævik og Elisabeth Hoddevik).

### Vedtak:

## Møtebok – representantskapet

### Vedtakssak R12/25

#### Budsjett 2026 og gebyrregulativ 2026

Sjå vedlegga:

- Budsjett 2026 SSR
- Forslag til gebyrregulativ 2026

### Budsjett 2026

Neste års budsjett er lagt opp etter SSB og Kommunalbanken sine prognoser for prisvekst, lønnsvekst og renter. Samtidig tek budsjettet høgde for den lovpålagde oppgåva å dekke inn underskotet på sjølvkostfondet i løpet av ein femårsperiode.

I gjeldande økonomiplan var det lagt opp til ein gebyrauke på 6% i 2026-budsjettet. Med eigarkommunar som strammar til på dei fleste område, har også SSR gått fleire runder i budsjettprosessen for å leite etter innsparingar. Selskapet legg no fram eit budsjett med ein lågare gebyrauke enn i økonomiplanen, 5% i staden for 6%. Innsparingane skal ikkje gå utover kvalitets- eller tenestenivået til innbyggjarane.

Nivået på den føreslegne gebyrauken vil kunne føre til eit positivt resultat på 2,3 mill på hushaldsdelen. Eit slikt resultat rustar selskapet til ei ansvarleg nedbetaling av sjølvkostfondet, som ved årsskiftet var på minus 4,7 millionar kroner. Årsaka til at føreslått gebyr er litt høgare enn generell kostnadsvekst, handlar altså om at selskapet må oppfylle lovpålagde krav om å redusere underskotet på sjølvkostfondet. Ei kontrollert nedbetaling innanfor økonomiplanperioden er med på å reduserer framtidige renteutgifter og risikoen for store gebyrbyks for innbyggjarane dei komande åra.

Budsjettet legg elles opp til eit positivt resultat på næring på 1 mill før skatt, og eit negativt resultat totalt på slam på ca 70.000, då ein her har fond å gå på.

- 1) Det er innarbeidd ein auke i hushaldsgebyret på 5% i budsjettet for 2026. Det vil seie ein auke i gebyret frå kr. 5.388 i 2025 til kr. 5.658 i 2026. Det utgjer kr. 270 per husstand for eit standardgebyr. Underskotet på sjølvkostfondet må dekkast inn og sjølvkostregelverket seier at eit overskot/underskot skal hentast inn i løpet av ein femårsperiode. Gjeldande økonomiplan har lagt dette prinsippet til grunn.

Kalkylerenta er henta frå Kommunalbanken si prognose pr september 2026, og er lagt inn med 4,61% for 2026. Med dette budsjettforslaget vil det negative sjølvkostfondet bli redusert med 1,2 mill i 2026. Det vil seie ein reduksjon frå ein prognose på 4,2 mill 31. desember 2025 til 3 mill 31. desember 2026.

For fritidsrenovasjon er det lagt opp til ein gebyrauke på 25%, frå kr. 1.560 til 1.950. Det vil seie 390 kroner per fritidseigedom. Gebyrregulativet legg også opp til ein auke i storhushaldsgebyr i forhold til standardgebyret.

Målet er å justere ei underdekning i dagens prismodell for desse gebyra. Lovkravet om full kjeldesortering for fritidsabonnentane er kostnadsdrivande, og CO2-avgifta gjer restavfallet dyrare enn før. Differansen mellom 140 liter (standard) og 240 liter restavfall (storhushald) vil auke med kr. 126 samanlikna med noverande gebyr. Med eit generelt påslag på fem prosent også her, vil differansen mellom 140 liter og 240 liter vere 666 kroner i året. Differansen inneverande år er på 540 kroner.

- 2) Ut frå signal frå regjeringa, er det ikkje lagt opp til ein auke i tonnprisen knytt til CO2-avgift for 2026. Øvrig varekostnad er lagt inn med ein generell auke på 3%.
- 3) Lønsauken er budsjetttert til 4% for 2026. Det er i tillegg gjort mindre justeringar knytt til enkeltpostar i lønsbudsjettet.
- 4) Det er lagt inn avskrivbare investeringar i budsjettet med 7,3 mill for 2026. Mellom anna er det budsjetttert for innkjøp av dunkar til sortering av glas- og metallemballasje og noko til meir digitalisering på anlegget, i tillegg til nødvendig utstyr til drifta.
- 5) Dei indirekte kostnadane er budsjetttert med 3% auke i 2026 i forhold til prognosen for 2025. Det er i tillegg lagt inn kostnad for deltaking i benchmarking i 2026, sensorabonnement for nedgravde løysingar og noko ekstra datakostnad og konsulenthonorar i samband med nødvendig oppgradering av dataprogram.
- 6) Lånerenter er budsjetttert ut frå gjeldande rentenivå i Kommunalbanken, 4,85 % og 4,75% på grøne lån.

**Forslag til vedtak:**

Representantskapet godkjenner budsjettet for 2026 og forslaget til gebyrregulativ for 2026.

**Vedtak:**

## Møtebok – representantskapet

### Vedtakssak R13/25

Økonomiplan 2026 – 2029

Sjå vedlegga:

- Økonomiplan 2026–2029 SSR

### Økonomiplan 2026 – 2029

Økonomiplanen er ei framskriving av budsjettet for dei komande åra, med innlagde justeringar på dei postane vi har føresetnad for å vite noko om korleis vil utvikle seg.

I den sist vedtekne økonomiplanen, var det lagt opp til ei gebyrutvikling på 6%, 5%, 4% dei komande åra. I den nye økonomiplanen legg vi opp til ei gebyrutvikling på 5%, 1%, 0%, 0%.

Den positive utviklinga i den komande planperioden har tre årsaker:

1. Administrasjonen har etter vedtak frå styret lagt fram eit 2026-budsjett som er strammare enn gjeldande økonomiplan.
2. Selskapet ligg an til å levere eit resultat for 2025 som er ein god del betre enn budsjettet, og vil dermed kunne spe på sjølvkostfondet meir enn venta ved årsskiftet.
3. Ei lovendring 1. juli 2025 om regelverket rundt produsentansvar, vil føre til eit paradigmeskifte rundt korleis kommunale avfallsselskap får kompensert ein del av kostnadane sine knytt til den lovpålagde innsamlinga av hushaldsavfall.

Konsekvensen av punkt tre er enno ikkje tredd i kraft, og selskapet har heller ikkje budsjettet med dei potensielle meirinntektene i 2026. Men i 2027 og 2028 har vi lagt inn desse inntektene som ein del av føresetnadene.

**Produsentansvarsendinga, i korte trekk:**

Den 1.juli 2025 blei avfallsforskrifta endra. Dette fører til ei ny organisering av produsentansvarsordningane for emballasje.

Produsentansvar er eit miljøpolitisk prinsipp som inneber at produsentar og importørar har ansvar for heile livssyklusen til produkta dei set på marknaden. Det inneber også å finansiere innsamling, gjenvinning og forsvarleg behandling av produktet når det blir avfall.

Den reviderte avfallsforskrifta inneheld fleire skjerpa krav til produsentansvar for emballasje. No-situasjonen for kommunane er at kostnadene knytt til produsentansvar har blitt skubba over på innbyggjarane gjennom avfallsgebyret, då tidlegare regelverk ikkje har spesifisert tydeleg kven som skal ta kostnaden. Kommunane eller IKS-a har måtte ta til takke med den kompensasjonen produsentansvarsselskapa har fastsett per tonn innsamla emballasje.

Dei nye reglane slår fast at produsentane skal dekke nødvendige kostnader for innsamling, transport og behandling av avfall knytt til produsentansvar. Dette betyr at kommunale avfallsselskap vidare skal dokumentere kostnadene knytt til innsamling og deretter fakturere produsentansvarsselskapa for innsamlingstenesta dei utfører.

I praksis betyr dette at rekninga blir flytta over frå ein spleis mellom alle innbyggjarar, til at forbrukaren sjølv dekker inn framtidig avfallshandtering i det ein betaler for vara. På denne måten blir rekninga rett plassert frå starten av. Den som kjøper og kastar mykje, må betale for avfallet forbruket genererer i det vara blir kjøpt. I dag blir mesteparten av denne kostnaden fordelt også på dei meir nøysame innbyggjarane i ein kommune, gjennom at produsentansvaret ikkje er godt nok inndeckt i godtgjersla renovasjonsselskapet får utbetalt frå produsentansvarsselskapa.

Per dags dato ser det nemleg ut til at dei fleste renovasjonsselskap berre får utbetalt godtgjersle for mellom 10 og 20 prosent av dei reelle kostnadene sine for å samle inn og handtere emballasje. Med andre ord har bransjen ein revolusjon i vente når det kjem til kostnadsdekning, om regelverket skal etterlevast slik Samfunnsbedriftene (tidlegare KS Bedrift) meiner. I praksis kan dette bety lågare, eller i det minste lågare stiging, av renovasjonsgebyr over heile landet.

Samtidig er det mykje usemje blant partane om korleis forskriftsendringa skal tolkast. Kven skal berekne kva innsamling, transport og behandling av emballasjeavfall (plast, papir, glas og metall) kostar, kva modellar skal ein bruke for å rekne ut kostnadene, og korleis sikre at IKS-a får dekt sine reelle kostnader uavhengig om dei held til nær svenskegrensa i indre Østfold eller på ei øyklynge ytst på Sunnmøre?

SSR støttar seg på tilrådinga frå Samfunnsbedriftene, og ventar på ein varsla rettleiar til regelverket som vil kome frå Miljødirektoratet. Målet er å få landa avtalar som kompenserer for dei reelle kostnadene vi har, til det beste for innbyggjarane si lommebok.

**Dei nummererte kommentarane samsvarer med talmerknadene i vedlegget  
Økonomiplan 2026-2029:**

I økonomiplanen er det innarbeidd ein auke i hushaldsgebyret på 5% i budsjettet for 2026, 1% for 2027 og deretter 0% i 2028 og 2029. Sjølvkostregelverket seier at eit overskot/underskot skal hentast inn i løpet av ein femårsperiode, og økonomiplanen har lagt dette prinsippet til grunn. Planen vil gi eit positivt sjølvkostfond frå 2028.

Satsane for kalkylerenta er henta frå Kommunalbanken si prognose pr september 2026 og går frå 4,61% for 2026 til 4,48% i 2029.

I tillegg er det lagt opp til ein auke i gebyret for fritidsrenovasjon på 25% for 2026, og ein auke i storhushald- i forhold til standardgebyr. Sjå vidare utdjuping i budsjettkommentar nummer 1).

- 1) Ut frå signal frå regjeringa, er det ikkje lagt opp til ein auke i tonnprisen knytt til CO<sub>2</sub>-avgift for 2026. Samtidig er det varsla ein framtidig auke i avgifta dei komande åra, og det er derfor lagt inn ein venta auke i varekosten på 8% pr år for åra 2027-2029.
- 2) Lønsauken er budsjetttert til 4% for 2026. For dei neste åra er auken lagt inn med 4% og 3,8%.
- 3) Det er lagt inn avskrivbare investeringar i budsjettet med 7,3 mill for 2026. Vidare framover i økonomiplanperioden er det lagt inn investeringar på 2,5 mill og 2 mill per år. Avskrivning for nye investeringar samt ferdig avskrivne eigedelar er tekne med i avskrivingskostnaden i økonomiplanen.
- 4) Dei indirekte kostnadane er budsjetttert med 3% auke pr år i økonomiplanperioden. I tillegg er det som nemnt i budsjettsaka, lagt inn ekstra kostnad i 2026-budsjettet til benchmarking, sensorabonnement for nedgravde løysingar og noko ekstra datakostnad og konsulenthonorar i samband med nødvendig oppgradering av dataprogram.
- 5) Lånerenter er budsjetttert ut frå gjeldande rentenivå i Kommunalbanken, 4,85% og 4,75% på grønne lån for 2026. Det er innarbeidd ein reduksjon i forventa rentenivå dei neste åra i økonomiplanen til 4% i 2029.

Her er oversikta over føresetnadene som er lagt til grunn år for år i planperioden:

| Forutsetningar                                 | 2026  | 2027  | 2028  | 2029  |
|------------------------------------------------|-------|-------|-------|-------|
| %-vis abonnementsauke                          | 0,5 % | 0,5 % | 0,5 % | 0,5 % |
| %-vis gebyrauke / - nedgang per år             | 5,0 % | 1,0 % | 0,0 % | 0,0 % |
| %-vis kostnadsauke , driftskostnad             | 3,0 % | 3,0 % | 3,0 % | 3,0 % |
| %-vis kostnadsauke, varekostnad                | 3,0 % | 8,0 % | 8,0 % | 8,0 % |
| %-vis auke lønnskostnad                        | 4,0 % | 4,0 % | 3,8 % | 3,8 % |
| Rentesats utlånsrente (rentek. bank) gamle lån | 4,8 % | 4,5 % | 4,0 % | 4,0 % |
| Rentesats utlånsrente (rentek. bank) nye lån   | 4,8 % | 4,5 % | 4,0 % | 4,0 % |
| Endring antal årsverk                          |       |       |       |       |

I føresetnadane er det ikkje tatt med ekstraordinære av- og nedskrivingar og store investeringar.

### Forslag til vedtak:

Representantskapet godkjenner økonomiplanen for 2026 – 2029.

### Vedtak:

## Møtebok – representantskapet

### Vedtakssak R14/25 Strategiplan 2026-2029

Målet med strategidokumentet er å sette ein kurs for selskapet i perioden 2026-2029. Ved å definere langsiktige mål og visjonar, vil strategien vere ei rettesnor for kva SSR skal vere og gjere framover.

Strategiplanen avløyser tidlegare strategiplan og er bygd på eigarane sitt mandat og forventningane som ligg i selskapsavtale og eigarstrategien.

Strategien skal vere med å sikre at både dei tilsette, styret, representantskapet, eigarkommunane og innbyggjarane har ei felles forståing av måla som selskapet jobbar for å oppnå.

Sjå vedlegg [Strategiplan 2026-2029](#)

### Forslag til vedtak:

### Vedtak:

## Møtebok – representantskapet

### Vedtakssak R15/25

Møtedatoar 2026

Det skal vere to faste møte i representantskapet i 2026, eitt i mai og eitt i starten av november.

### Forslag til vedtak:

### Vedtak:

## Møtebok – representantskapet

### **Orienteringssak R16/25**

Resultat per august og prognose 2025

## Møtebok – representantskapet

### **Orienteringssak R17/25**

Generelle orienteringar ved styreleiar og dagleg leiar

**Karl-Oskar Sævik**  
Leiar i representantskapet

**George Fulford**  
Styreleiar

# Hushaldning

|                                       | BUDSJETT<br>2026 | Prognose<br>2025 | Budsjett<br>2025 | Note |
|---------------------------------------|------------------|------------------|------------------|------|
| <b>Driftsinntekter</b>                |                  |                  |                  |      |
| Renovasjonsgebyr hushaldning          | 51 680           | 48 597           | 48 550           |      |
| Andre driftsinntekter                 | 7 199            | 7 084            | 5 629            |      |
| <b>Sum driftsinntekter</b>            | <b>58 879</b>    | <b>55 681</b>    | <b>54 179</b>    | 1)   |
| <b>Driftskostnader</b>                |                  |                  |                  |      |
| Varekostnader                         | -8 625           | -8 354           | -7 897           |      |
| <b>Sum varekostnader</b>              | <b>-8 625</b>    | <b>-8 354</b>    | <b>-7 897</b>    | 2)   |
| Lønn-/personalkostnader               | -24 659          | -23 314          | -23 420          | 3)   |
| Avskrivning                           | -3 518           | -3 527           | -3 463           | 4)   |
| Andre driftskostnader                 | -17 105          | -16 186          | -15 938          | 5)   |
| <b>Sum andre driftskostnader</b>      | <b>-45 282</b>   | <b>-43 028</b>   | <b>-42 821</b>   |      |
| <b>Sum driftskostnader</b>            | <b>-53 907</b>   | <b>-51 382</b>   | <b>-50 718</b>   |      |
| <b>Driftsresultat</b>                 | <b>4 972</b>     | <b>4 299</b>     | <b>3 460</b>     |      |
| <b>Finansposter</b>                   |                  |                  |                  |      |
| Renteinntekter                        | 349              | 347              | 380              |      |
| Aksjeutbytte                          | 0                | 0                | 0                |      |
| <b>Sum finansinntekter</b>            | <b>349</b>       | <b>347</b>       | <b>380</b>       |      |
| Renteutgifter og andre finansutgifter | -3 048           | -3 613           | -3 457           |      |
| <b>Sum finansutgifter</b>             | <b>-3 048</b>    | <b>-3 613</b>    | <b>-3 457</b>    |      |
| <b>Sum finansposter</b>               | <b>-2 700</b>    | <b>-3 266</b>    | <b>-3 076</b>    | 6)   |
| <b>Resultat</b>                       | <b>2 272</b>     | <b>1 032</b>     | <b>384</b>       |      |

# Næring

|                                       | BUDSJETT<br>2026 | Prognose<br>2025 | Budsjett<br>2025 | Note      |
|---------------------------------------|------------------|------------------|------------------|-----------|
| <b>Driftsinntekter</b>                |                  |                  |                  |           |
| Renovasjonsgebyr hushaldning          | 0                | 0                | 0                |           |
| Andre driftsinntekter                 | 18 456           | 17 771           | 17 694           |           |
| <b>Sum driftsinntekter</b>            | <b>18 456</b>    | <b>17 771</b>    | <b>17 694</b>    | <b>1)</b> |
| <b>Driftskostnader</b>                |                  |                  |                  |           |
| Varekostnader                         | -3 447           | -3 347           | -3 177           |           |
| <b>Sum varekostnader</b>              | <b>-3 447</b>    | <b>-3 347</b>    | <b>-3 177</b>    | <b>2)</b> |
| Lønn-/personalkostnader               | -7 061           | -6 485           | -6 928           | 3)        |
| Avskrivning                           | -1 024           | -1 100           | -1 122           | 4)        |
| Andre driftskostnader                 | -4 915           | -4 570           | -4 352           | 5)        |
| <b>Sum andre driftskostnader</b>      | <b>-13 000</b>   | <b>-12 155</b>   | <b>-12 401</b>   |           |
| <b>Sum driftskostnader</b>            | <b>-16 447</b>   | <b>-15 501</b>   | <b>-15 579</b>   |           |
| <b>Driftsresultat</b>                 | <b>2 009</b>     | <b>2 269</b>     | <b>2 115</b>     |           |
| <b>Finansposter</b>                   |                  |                  |                  |           |
| Renteinntekter                        | 73               | 73               | 80               |           |
| Aksjeutbytte                          | 0                | 0                | 0                |           |
| <b>Sum finansinntekter</b>            | <b>73</b>        | <b>73</b>        | <b>80</b>        |           |
| Renteutgifter og andre finansutgifter | -1 020           | -1 146           | -1 153           |           |
| <b>Sum finansutgifter</b>             | <b>-1 020</b>    | <b>-1 146</b>    | <b>-1 153</b>    | <b>6)</b> |
| <b>Sum finansposter</b>               | <b>-947</b>      | <b>-1 073</b>    | <b>-1 073</b>    |           |
| <b>Resultat</b>                       | <b>1 062</b>     | <b>1 197</b>     | <b>1 042</b>     |           |

# Slam avd. 35 og 36

|                                       | BUDSJETT<br>2026 | Prognose<br>2025 | Budsjett<br>2025 |
|---------------------------------------|------------------|------------------|------------------|
| <b>Driftsinntekter</b>                |                  |                  |                  |
| Renovasjonsgebyr hushaldning          | 0                | 0                | 0                |
| Andre driftsinntekter                 | 5 850            | 5 325            | 4 800            |
| <b>Sum driftsinntekter</b>            | <b>5 850</b>     | <b>5 325</b>     | <b>4 800</b>     |
| <b>Driftskostnader</b>                |                  |                  |                  |
| Varekostnader                         | -5 004           | -4 491           | -4 057           |
| <b>Sum varekostnader</b>              | <b>-5 004</b>    | <b>-4 491</b>    | <b>-4 057</b>    |
| Lønn-/personalkostnader               | -546             | -440             | -593             |
| Avskrivning                           | 0                | -0               | 0                |
| Andre driftskostnader                 | -372             | -294             | -312             |
| <b>Sum andre driftskostnader</b>      | <b>-918</b>      | <b>-735</b>      | <b>-905</b>      |
| <b>Sum driftskostnader</b>            | <b>-5 922</b>    | <b>-5 225</b>    | <b>-4 962</b>    |
| <b>Driftsresultat</b>                 | <b>-72</b>       | <b>100</b>       | <b>-162</b>      |
| <b>Finansposter</b>                   |                  |                  |                  |
| Renteinntekter                        | 0                | 0                | 0                |
| Aksjeutbytte                          | 0                | 0                | 0                |
| <b>Sum finansinntekter</b>            | <b>0</b>         | <b>0</b>         | <b>0</b>         |
| Renteutgifter og andre finansutgifter | 0                | -1               | -0               |
| <b>Sum finansutgifter</b>             | <b>0</b>         | <b>-1</b>        | <b>-0</b>        |
| <b>Sum finansposter</b>               | <b>0</b>         | <b>-0</b>        | <b>-0</b>        |
| <b>Resultat</b>                       | <b>-72</b>       | <b>100</b>       | <b>-162</b>      |

# SSR samla

|                                       | BUDSJETT<br>2026 | Prognose<br>2025 | Budsjett<br>2025 | Note |
|---------------------------------------|------------------|------------------|------------------|------|
| <b>Driftsinntekter</b>                |                  |                  |                  |      |
| Renovasjonsgebyr hushaldning          | 51 680           | 48 597           | 48 550           |      |
| Andre driftsinntekter                 | 31 505           | 30 180           | 28 123           |      |
| <b>Sum driftsinntekter</b>            | <b>83 184</b>    | <b>78 777</b>    | <b>76 672</b>    | 1)   |
| <b>Driftskostnader</b>                |                  |                  |                  |      |
| Varekostnader                         | -17 075          | -16 191          | -15 132          |      |
| <b>Sum varekostnader</b>              | <b>-17 075</b>   | <b>-16 191</b>   | <b>-15 132</b>   | 2)   |
| Lønn-/personalkostnader               | -32 265          | -30 239          | -30 941          | 3)   |
| Avskrivning                           | -4 542           | -4 628           | -4 584           | 4)   |
| Andre driftskostnader                 | -22 393          | -21 050          | -20 602          | 5)   |
| <b>Sum andre driftskostnader</b>      | <b>-59 200</b>   | <b>-55 917</b>   | <b>-56 127</b>   |      |
|                                       | 0                | 0                | 0                |      |
| <b>Sum driftskostnader</b>            | <b>-76 275</b>   | <b>-72 108</b>   | <b>-71 259</b>   |      |
| <b>Driftsresultat</b>                 | <b>6 909</b>     | <b>6 668</b>     | <b>5 413</b>     |      |
| <b>Finansposter</b>                   |                  |                  |                  |      |
| Renteinntekter                        | 422              | 420              | 460              |      |
| Aksjeutbytte                          | 0                | 0                | 0                |      |
| <b>Sum finansinntekter</b>            | <b>422</b>       | <b>420</b>       | <b>460</b>       |      |
| Renteutgifter og andre finansutgifter | -4 068           | -4 760           | -4 609           |      |
| <b>Sum finansutgifter</b>             | <b>-4 068</b>    | <b>-4 760</b>    | <b>-4 609</b>    | 6)   |
| <b>Sum finansposter</b>               | <b>-3 647</b>    | <b>-4 339</b>    | <b>-4 149</b>    |      |
| <b>Resultat</b>                       | <b>3 263</b>     | <b>2 329</b>     | <b>1 264</b>     |      |

# Gebyrregulativ 2026 for SSR

## Til godkjenning i kommunestyra:

Gjeld husholdskundar. Alle prisar er inkludert 25 % mva.

L står for liter. Ein termin er fire månader.

## STANDARDGEBYR

|                                                                                                 | Gebyr 2026:                                       | Gebyr 2025:                                       |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------|---------------------------------------------------|
| <b>Dunk:</b><br>140 L matavfall<br>140 L restavfall<br>240 L papir                              | <b>kr 5.658,- pr. år</b><br>kr 1.886,- pr. termin | <b>kr 5.388,- pr. år</b><br>kr 1.796,- pr. termin |
| <b>Nedgravd løysing:</b>                                                                        |                                                   |                                                   |
| <b>Sekk:</b><br>30 sekkar matavfall<br>15 sekkar restavfall<br>Gjenbrukssekk eller<br>pappkasse |                                                   |                                                   |

## STORHUSHALD

Gebyr for utskifting kjem i tillegg.

|                                                    | Gebyr 2026:                                       | Gebyr 2025:                                       |
|----------------------------------------------------|---------------------------------------------------|---------------------------------------------------|
| 140 L matavfall<br>240 L restavfall<br>240 L papir | <b>kr 6.324,- pr. år</b><br>kr 2.108,- pr. termin | <b>kr 5.928,- pr. år</b><br>kr 1.976,- pr. termin |

## REDUSERT GEBYR

|                                                                 | Gebyr 2026                                        | Gebyr 2025                                        |
|-----------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------|---------------------------------------------------|
| <b>Dunk:</b><br>80 L matavfall<br>80 L restavfall<br>80 L papir | <b>kr 5.286,- pr. år</b><br>kr 1.762,- pr. termin | <b>kr 5.034,- pr. år</b><br>kr 1.678,- pr. termin |
| <b>Sekk:</b><br>18 sekkar matavfall<br>12 sekkar restavfall     |                                                   |                                                   |

**HEIMEKOMPOSTERING**

|                                                                                                  | <b>Gebyr 2026:</b>                                                                            | <b>Gebyr 2025:</b>                                     |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------|
| <b>Heimekompostering</b><br><i>Gjeld berre for standardgebyr, storhushald og redusert gebyr.</i> | Reduksjon av renovasjonsgebyret.<br><b>Fråtrekk på kr 534,- pr. år</b><br>kr 178,- pr. termin | <b>Fråtrekk på 513,- pr. år</b><br>kr 171,- pr. termin |

**OPPSTART / RESTART GEBYR**

|                                                        | <b>Gebyr 2026:</b> | <b>Gebyr 2025:</b> |
|--------------------------------------------------------|--------------------|--------------------|
| Gebyr oppstart nytt gebyr / restart av kvilande gebyr. | <b>kr 1.339,-</b>  | kr 1.275,-         |

**EKSTRA DUNKAR**

Kan kombinerast med standardgebyr og storhushald.

Gebyr for utskifting kjem i tillegg.

| <b>Fraksjon:</b> | <b>Dunkstorleik:</b> | <b>Gebyr 2026:</b> | <b>Gebyr pr. termin</b> | <b>Gebyr 2025:</b> |
|------------------|----------------------|--------------------|-------------------------|--------------------|
| Restavfall       | Ekstra 140 l         | <b>1.275,-</b>     | 425,-                   | 1.212,-            |
| Restavfall       | Ekstra 240 l         | <b>2.046,-</b>     | 682,-                   | 1.947,-            |
| Restavfall       | Ekstra 660 l         | <b>5.274,-</b>     | 1.758,-                 | 5.022,-            |
| Papir            | Ekstra 140 l         | <b>462,-</b>       | 154,-                   | 438,-              |
| Papir            | Ekstra 240 l         | <b>717,-</b>       | 239,-                   | 681,-              |
| Papir            | Ekstra 660 l         | <b>1.770,-</b>     | 590,-                   | 1.686,-            |

**GEBYRDELING**

|                                                                                                                                                          | <b>Gebyr 2026:</b>                                | <b>Gebyr 2025:</b>                                |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------|---------------------------------------------------|
| Utstyrsdeling - <i>minst 2 husstandar, pris pr. husstand.</i><br>140 l matavfall<br>240 l restavfall<br>240 l papir                                      | <b>kr 4.917,- pr. år</b><br>kr 1.639,- pr. termin | <b>kr 4.683,- pr. år</b><br>kr 1.561,- pr. termin |
| Utstyrsdeling - <i>for 3 husstandar, pris pr. husstand.</i><br>240 l matavfall<br>660 l restavfall<br>660 l papir<br>For 3 husstandar, pris pr. husstand | <b>kr 5.658,- pr. år</b><br>kr 1.886,- pr. termin | <b>kr 5.388,- pr. år</b><br>kr 1.796,- pr. termin |

|                                                                                                                     |                                                   |                                                   |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------|---------------------------------------------------|
| Utstyrsdeling - <i>minst 4 husstandar, pris pr. husstand.</i><br>660 l matavfall<br>660 l restavfall<br>660 l papir | <b>kr 4.917,- pr. år</b><br>kr 1.639,- pr. termin | <b>kr 4.683,- pr. år</b><br>kr 1.561,- pr. termin |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------|---------------------------------------------------|

**FRITIDSGEBYR**

|              | <b>Gebyr 2026:</b>                              | <b>Gebyr 2025:</b>                              |
|--------------|-------------------------------------------------|-------------------------------------------------|
| Fritidsgebyr | <b>kr 1.950,- pr. år</b><br>kr 650,- pr. termin | <b>kr 1.560,- pr. år</b><br>kr 520,- pr. termin |

**TILLEGGSTENESTER**

|                                                                                                                         | <b>Gebyr 2026:</b>           | <b>Gebyr 2025:</b>           |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------|------------------------------|
| Utsifting av innsamlingsutstyr ved endring av gebyrtype.                                                                | <b>kr 336,-</b>              | kr. 320                      |
| Gebyr for ekstrahenting                                                                                                 | <b>kr 336,-</b>              | kr. 320                      |
| Avstandsgebyr for henting/tømming utanfor vanlege køyreruter.<br>Prissetting etter vegstandard og avstand frå køyreveg. | Individuell prisfastsetting. | Individuell prisfastsetting. |

**SLAMTØMMING**

|                                                                                                 | <b>Gebyr 2026:</b>                                                                                                                               | <b>Gebyr 2025:</b> |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------|
| Tømming vanleg tank hushald<br><br><i>Gjeld ikkje dei som er tilknytt offentleg avløpsnett.</i> | Pris inn + 25 %.<br>Herøy / Sande fakturerer sjølve.<br>SSR fakturerer for Hareid og Ulstein. Eventuelt overskot der går til eige sjølvkostfond. | Uendra prinsipp    |

Når det kjem til prisane på miljøstasjonane, er det styret i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS som fastset desse.

# SSR - Økonomiplan 2026 - 2029

I følge § 20 i IKS-lova skal ein økonomiplan i eit IKS omfatte dei fire neste budsjettåra og "gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgaver, herunder investeringsplaner, og finansieringen av disse i perioden. I økonomiplanen skal det inngå en oversikt over selskapets samlede gjeldsbyrde og garantiansvar, og over utgifter til renter og avdrag i planperioden".

|                                                | Prognose<br>2025 | Budsjett<br>2026 | Øk.plan<br>2027 | Øk.plan<br>2028 | Øk.plan<br>2029 | Note |
|------------------------------------------------|------------------|------------------|-----------------|-----------------|-----------------|------|
| <b>Driftsinntekter</b>                         |                  |                  |                 |                 |                 |      |
| Renovasjonsgebyr hushaldning                   | 55 681           | 58 879           | 61 370          | 63 900          | 66 559          |      |
| Renovasjonsgebyr/inntekter næring              | 17 771           | 18 456           | 19 195          | 19 963          | 20 761          |      |
| Inntekter slam                                 | 5 325            | 5 850            | 5 400           | 6 000           | 5 800           |      |
| <b>Sum driftsinntekter</b>                     | <b>78 777</b>    | <b>83 185</b>    | <b>85 965</b>   | <b>89 863</b>   | <b>93 120</b>   | 1)   |
| <b>Driftskostnader</b>                         |                  |                  |                 |                 |                 |      |
| Varekostnader                                  | 16 192           | 17 076           | 17 535          | 19 080          | 20 005          |      |
| <b>Sum varekostnader</b>                       | <b>16 192</b>    | <b>17 076</b>    | <b>17 535</b>   | <b>19 080</b>   | <b>20 005</b>   | 2)   |
| Lønn-/personalkostnader                        | 30 241           | 32 266           | 33 553          | 34 828          | 36 152          | 3)   |
| Avskrivning                                    | 4 625            | 4 542            | 4 900           | 4 965           | 5 300           | 4)   |
| Andre driftskostnader                          | 21 055           | 22 392           | 23 061          | 23 761          | 24 478          | 5)   |
| <b>Sum andre driftskostnader</b>               | <b>55 921</b>    | <b>59 200</b>    | <b>61 515</b>   | <b>63 555</b>   | <b>65 929</b>   |      |
| <b>Sum driftskostnader</b>                     | <b>72 113</b>    | <b>76 276</b>    | <b>79 050</b>   | <b>82 635</b>   | <b>85 934</b>   |      |
| <b>Driftsresultat</b>                          | <b>6 664</b>     | <b>6 909</b>     | <b>6 916</b>    | <b>7 228</b>    | <b>7 186</b>    |      |
| <b>Finansposter</b>                            |                  |                  |                 |                 |                 |      |
| Renteinntekter                                 | 420              | 422              | 400             | 400             | 400             |      |
| Aksjeutbytte                                   | -                | -                | -               | -               | -               |      |
| <b>Sum finansinntekter</b>                     | <b>420</b>       | <b>422</b>       | <b>400</b>      | <b>400</b>      | <b>400</b>      |      |
| Renteutgifter og andre finansutgifter          | 4 760            | 4 068            | 3 719           | 3 245           | 2 825           |      |
| <b>Sum finansutgifter</b>                      | <b>4 760</b>     | <b>4 068</b>     | <b>3 719</b>    | <b>3 245</b>    | <b>2 825</b>    |      |
| <b>Sum finansposter</b>                        | <b>-4 340</b>    | <b>-3 646</b>    | <b>-3 319</b>   | <b>-2 845</b>   | <b>-2 425</b>   | 6)   |
| <b>Resultat av årets drift</b>                 | <b>2 324</b>     | <b>3 263</b>     | <b>3 597</b>    | <b>4 383</b>    | <b>4 761</b>    |      |
| <b>Renter til belastning sjølvkostfond</b>     | <b>154</b>       | <b>165</b>       | <b>106</b>      | <b>37</b>       | <b>-47</b>      |      |
| <b>Til framføring mot sjølvkostfond, hush.</b> | <b>551</b>       | <b>1 187</b>     | <b>1 273</b>    | <b>1 811</b>    | <b>2 041</b>    |      |
| <b>Til framføring mot egenkapital</b>          | <b>933</b>       | <b>828</b>       | <b>952</b>      | <b>1 052</b>    | <b>1 106</b>    |      |
| <b>Sjølvkostfond per 31.12.</b>                | <b>-4 216</b>    | <b>-3 029</b>    | <b>-1 756</b>   | <b>55</b>       | <b>2 096</b>    |      |

# SSR - Økonomiplan 2026 - 2029

## Hushaldning:

|                                                | Prognose<br>2025 | Budsjett<br>2026 | Øk.plan<br>2027  | Øk.plan<br>2028  | Øk.plan<br>2029  |
|------------------------------------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| <b>Driftsinntekter</b>                         |                  |                  |                  |                  |                  |
| Renovasjonsgebyr hushaldning                   | 48 597           | 51 680           | 52 455           | 52 717           | 52 981           |
| Andre driftsinntekter                          | 7 084            | 7 199            | 8 915            | 11 182           | 13 578           |
| <b>Sum driftsinntekter</b>                     | <b>55 681</b>    | <b>58 879</b>    | <b>61 370</b>    | <b>63 900</b>    | <b>66 559</b>    |
| <b>Driftskostnader</b>                         |                  |                  |                  |                  |                  |
| Varekostnader                                  | 8 354            | 8 625            | 9 315            | 10 060           | 10 865           |
| <b>Sum varekostnader</b>                       | <b>8 354</b>     | <b>8 625</b>     | <b>9 315</b>     | <b>10 060</b>    | <b>10 865</b>    |
| Lønn-/personalkostnader                        | 23 316           | 24 659           | 25 645           | 26 620           | 27 631           |
| Avskrivning                                    | 3 525            | 3 518            | 3 910            | 3 960            | 4 230            |
| Andre driftskostnader                          | 16 191           | 17 105           | 17 618           | 18 147           | 18 691           |
| <b>Sum andre driftskostnader</b>               | <b>43 032</b>    | <b>45 282</b>    | <b>47 174</b>    | <b>48 727</b>    | <b>50 553</b>    |
| <b>Sum driftskostnader</b>                     | <b>51 386</b>    | <b>53 907</b>    | <b>56 489</b>    | <b>58 787</b>    | <b>61 418</b>    |
| <b>Driftsresultat</b>                          | <b>4 295</b>     | <b>4 972</b>     | <b>4 882</b>     | <b>5 113</b>     | <b>5 141</b>     |
| <b>Finansposter</b>                            |                  |                  |                  |                  |                  |
| Renteinntekter                                 | 347              | 349              | 330              | 330              | 330              |
| Aksjeutbytte                                   | 0                | 0                | 0                | 0                | 0                |
| <b>Sum finansinntekter</b>                     | <b>347</b>       | <b>349</b>       | <b>330</b>       | <b>330</b>       | <b>330</b>       |
| Renteutgifter og andre finansutgifter          | 3 613            | 3 048            | 2 785            | 2 425            | 2 110            |
| <b>Sum finansutgifter</b>                      | <b>3 613</b>     | <b>3 048</b>     | <b>2 785</b>     | <b>2 425</b>     | <b>2 110</b>     |
| <b>Sum finansposter</b>                        | <b>-3 266</b>    | <b>-2 699</b>    | <b>-2 455</b>    | <b>-2 095</b>    | <b>-1 780</b>    |
| <b>Resultat av årets drift</b>                 | <b>1 029</b>     | <b>2 272</b>     | <b>2 427</b>     | <b>3 018</b>     | <b>3 361</b>     |
| <b>Renter til belastning sjølvkostfond</b>     | <b>154</b>       | <b>165</b>       | <b>106</b>       | <b>37</b>        | <b>-47</b>       |
| <b>Til framføring mot sjølvkostfond, hush.</b> | <b>551</b>       | <b>1 187</b>     | <b>1 273</b>     | <b>1 811</b>     | <b>2 041</b>     |
| <b>Sjølvkostfond per 31.12</b>                 | <b>-4 216</b>    | <b>-3 029</b>    | <b>-1 756</b>    | <b>55</b>        | <b>2 096</b>     |
| <b>Investering finansiert EK el. lån</b>       |                  | <b>2026</b>      | <b>2027</b>      | <b>2028</b>      | <b>2029</b>      |
| Diverse mindre investeringar                   |                  | 7 300 000        | 2 500 000        | 2 000 000        | 2 000 000        |
| <b>Sum investering finansiert EK el. lån</b>   |                  | <b>7 300 000</b> | <b>2 500 000</b> | <b>2 000 000</b> | <b>2 000 000</b> |

| <b>Forutsetninger</b>                          | <b>2026</b> | <b>2027</b> | <b>2028</b> | <b>2029</b> |
|------------------------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| %-vis abonnementsauke                          | 0,5 %       | 0,5 %       | 0,5 %       | 0,5 %       |
| %-vis gebyrauke / - nedgang per år             | 5,0 %       | 1,0 %       | 0,0 %       | 0,0 %       |
| %-vis kostnadsauke , driftskostnad             | 3,0 %       | 3,0 %       | 3,0 %       | 3,0 %       |
| %-vis kostnadsauke, varekostnad                | 3,0 %       | 8,0 %       | 8,0 %       | 8,0 %       |
| %-vis auke lønnskostnad                        | 4,0 %       | 4,0 %       | 3,8 %       | 3,8 %       |
| Rentesats utlånsrente (rentek. bank) gamle lån | 4,8 %       | 4,5 %       | 4,0 %       | 4,0 %       |
| Rentesats utlånsrente (rentek. bank) nye lån   | 4,8 %       | 4,5 %       | 4,0 %       | 4,0 %       |
| Endring antal årsverk                          |             |             |             |             |

I føresetnadane er det ikkje tatt med ekstraordinære av- og nedskrivingar og store investeringar.

**Selskapet si samla gjeldsbyrde er på følgande:**

|                          | <b>31.12.2025</b> | <b>31.12.2026</b> | <b>31.12.2027</b> | <b>31.12.2028</b> | <b>31.12.2029</b> |
|--------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Langsiktig gjeld         |                   |                   |                   |                   |                   |
| til kredittinstitusjonar | 82 563 338        | 84 639 534        | 80 625 730        | 76 611 926        | 72 598 122        |

I tillegg kjem driftskreditt.

Garantiansvaret på langsiktig gjeld er fordelt på kommunane med slik forplikting i prosent:

|                 |       |
|-----------------|-------|
| Hareid kommune  | 20,63 |
| Herøy kommune   | 35,67 |
| Sande kommune   | 10,18 |
| Ulstein kommune | 33,52 |

## Næring:

|                                                | Prognose<br>2025 | Budsjett<br>2026 | Øk.plan<br>2027 | Øk.plan<br>2028 | Øk.plan<br>2029 |
|------------------------------------------------|------------------|------------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| <b>Driftsinntekter</b>                         |                  |                  |                 |                 |                 |
| Driftsinntekter                                | 17 771           | 18 456           | 19 195          | 19 963          | 20 761          |
| <b>Sum driftsinntekter</b>                     | <b>17 771</b>    | <b>18 456</b>    | <b>19 195</b>   | <b>19 963</b>   | <b>20 761</b>   |
| <b>Driftskostnader</b>                         |                  |                  |                 |                 |                 |
| Varekostnader                                  | 3 347            | 3 447            | 3 720           | 4 020           | 4 340           |
| Sum varekostnader                              | 3 347            | 3 447            | 3 720           | 4 020           | 4 340           |
| Lønn-/personalkostnader                        | 6 485            | 7 061            | 7 340           | 7 619           | 7 908           |
| Avskrivning                                    | 1 100            | 1 024            | 990             | 1 005           | 1 070           |
| Andre driftskostnader                          | 4 570            | 4 915            | 5 060           | 5 220           | 5 380           |
| Sum andre driftskostnader                      | 12 155           | 13 000           | 13 390          | 13 844          | 14 358          |
| <b>Sum driftskostnader</b>                     | <b>15 502</b>    | <b>16 447</b>    | <b>17 110</b>   | <b>17 864</b>   | <b>18 698</b>   |
| <b>Driftsresultat</b>                          | <b>2 269</b>     | <b>2 009</b>     | <b>2 085</b>    | <b>2 099</b>    | <b>2 063</b>    |
| <b>Finansposter</b>                            |                  |                  |                 |                 |                 |
| Renteinntekter                                 | 73               | 73               | 70              | 70              | 70              |
| Aksjeutbytte                                   | 0                | 0                | 0               | 0               | 0               |
| Sum finansinntekter                            | 73               | 73               | 70              | 70              | 70              |
| Renteutgifter og andre finansutgifter          | 1 146            | 1 020            | 934             | 820             | 715             |
| Sum finansutgifter                             | 1 146            | 1 020            | 934             | 820             | 715             |
| <b>Sum finansposter</b>                        | <b>-1 073</b>    | <b>-947</b>      | <b>-864</b>     | <b>-750</b>     | <b>-645</b>     |
| <b>Resultat av årets drift</b>                 | <b>1 196</b>     | <b>1 062</b>     | <b>1 221</b>    | <b>1 349</b>    | <b>1 418</b>    |
| <b>Til framføring mot egenkapital</b>          | <b>933</b>       | <b>828</b>       | <b>952</b>      | <b>1 052</b>    | <b>1 106</b>    |
| <b>Forutsetninger</b>                          | <b>2026</b>      | <b>2027</b>      | <b>2028</b>     | <b>2029</b>     |                 |
| %-vis inntektsauke per år                      | 4,0 %            | 4,0 %            | 4,0 %           | 4,0 %           |                 |
| %-vis generell kostnadsauke                    | 3,0 %            | 3,0 %            | 3,0 %           | 3,0 %           |                 |
| %-vis kostnadsauke, varekostnad                | 3,0 %            | 8,0 %            | 8,0 %           | 8,0 %           |                 |
| %-vis auke lønnskostnad                        | 4,0 %            | 4,0 %            | 3,8 %           | 3,8 %           |                 |
| Rentesats utlånsrente (rentek. bank) gamle lån | 4,8 %            | 4,5 %            | 4,0 %           | 4,0 %           |                 |
| Rentesats utlånsrente (rentek. bank) nye lån   | 4,8 %            | 4,5 %            | 4,0 %           | 4,0 %           |                 |
| Endring antal årsverk                          |                  |                  |                 |                 |                 |


## Slam:

|                                       | Prognose<br>2025 | Budjett<br>2026 | Øk.plan<br>2027 | Øk.plan<br>2028 | Øk.plan<br>2029 |
|---------------------------------------|------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| Inntekt slamtøming komm. kloakk       | 2 954            | 2 650           | 3 000           | 2 700           | 3 100           |
| Inntekt slamtøming private tankar     | 2 371            | 3 200           | 2 400           | 3 300           | 2 700           |
| <b>Sum inntekter slam</b>             | <b>5 325</b>     | <b>5 850</b>    | <b>5 400</b>    | <b>6 000</b>    | <b>5 800</b>    |
| <b>Driftskostnader</b>                |                  |                 |                 |                 |                 |
| Varekostnader                         | 4 491            | 5 004           | 4 500           | 5 000           | 4 800           |
| <b>Sum varekostnader</b>              | <b>4 491</b>     | <b>5 004</b>    | <b>4 500</b>    | <b>5 000</b>    | <b>4 800</b>    |
| Lønn-/personalkostnader               | 440              | 546             | 568             | 589             | 612             |
| Avskrivning                           | 0                | 0               | 0               | 0               | 0               |
| Andre driftskostnader                 | 294              | 372             | 383             | 395             | 406             |
| <b>Sum andre driftskostnader</b>      | <b>734</b>       | <b>918</b>      | <b>951</b>      | <b>984</b>      | <b>1 018</b>    |
| <b>Sum driftskostnader</b>            | <b>5 225</b>     | <b>5 922</b>    | <b>5 451</b>    | <b>5 984</b>    | <b>5 818</b>    |
| <b>Driftsresultat</b>                 | <b>100</b>       | <b>-72</b>      | <b>-51</b>      | <b>16</b>       | <b>-18</b>      |
| <b>Finansposter</b>                   |                  |                 |                 |                 |                 |
| Renteinntekter                        | 0                | 0               | 0               | 0               | 0               |
| Aksjeutbytte                          | 0                | 0               | 0               | 0               | 0               |
| <b>Sum finansinntekter</b>            | <b>0</b>         | <b>0</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>        |
| Renteutgifter og andre finansutgifter | 1                | 0               | 0               | 0               | 0               |
| <b>Sum finansutgifter</b>             | <b>1</b>         | <b>0</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>        |
| <b>Sum finansposter</b>               | <b>-1</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>        |
| <b>Resultat av årets drift</b>        | <b>99</b>        | <b>-72</b>      | <b>-51</b>      | <b>16</b>       | <b>-18</b>      |

| <b>Forutsetningar</b>                          | <b>2026</b> | <b>2027</b> | <b>2028</b> | <b>2029</b> |
|------------------------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| %-vis abonnementsauke                          | 3,0 %       | 4,0 %       | 4,0 %       | 4,0 %       |
| %-vis gebyrauke per år                         | 3,0 %       | 4,5 %       | 4,0 %       | 4,0 %       |
| %-vis generell kostnadsauke                    | 3,0 %       | 3,0 %       | 3,0 %       | 3,0 %       |
| %-vis auke lønnskostnad                        | 4,0 %       | 4,0 %       | 3,8 %       | 3,8 %       |
| Rentesats utlånsrente (rentek. bank) gamle lån | 4,8 %       | 4,5 %       | 4,0 %       | 4,0 %       |
| Rentesats utlånsrente (rentek. bank) nye lån   | 4,8 %       | 4,5 %       | 4,0 %       | 4,0 %       |



Strategi 2026–2029




**Renovasjon for framtida**

i Hareid, Herøy, Sande og Ulstein

# Innhold

|                                             |    |
|---------------------------------------------|----|
| Mål .....                                   | 3  |
| Visjon .....                                | 3  |
| Verdiar .....                               | 3  |
| Samfunnsoppdrag .....                       | 4  |
| Nasjonale og internasjonale miljøkrav ..... | 5  |
| Menneske og organisasjon .....              | 6  |
| System og forvaltning .....                 | 7  |
| Teknologi og digitalisering .....           | 8  |
| Drift .....                                 | 9  |
| Kommunikasjon .....                         | 10 |
| Oppsummert .....                            | 11 |



Saman  
tek vi vare på  
ressursane

# Mål

Målet med strategidokumentet er å sette ein kurs for selskapet i perioden 2026-2029. Ved å definere langsiktige mål og visjonar, vil strategien vere ei rettesnor for kva SSR skal vere og gjere framover. Strategiplanen avløyser tidlegare strategiplan og er bygd på eigarane sitt mandat og forventningane som ligg i selskapsavtale og eigarstrategien.

Strategien skal vere med å sikre at både dei tilsette, styret, representantskapet, eigarkommunane og innbyggjarane har ei felles forståing av måla som selskapet jobbar for å oppnå.

# Visjon

SSR skal skape mest mogleg verdier av det innsamla avfallet, både for lokalsamfunnet og framtidige generasjonar.

# Verdier

**Berekraftig:** Vi legg til rette for at naturressursar varer lengst mogleg, til det beste for framtidige generasjonar.

**Ivrig:** Vi er ivrige etter å skape gode avfallsløysingar for lokalsamfunnet. Saman strekker vi oss etter utvikling og forbetring.

**Trygg:** Vi leverer kvalitet og utfører samfunnsoppdraget vårt på ein ansvarleg måte. Innbyggjarane skal vere trygge på at avfallet blir henta og handtert sikkert, kostnadseffektivt og miljøvenleg.

# Samfunnsoppdrag

Søre Sunnmøre Reinholdswerk blei stifta i 1980 og er i dag eigd av kommunane Herøy, Ulstein, Hareid og Sande, organisert som eit interkommunalt selskap. Kjerneverksemda omfattar innsamling, transport, omlasting, mellomlagring og vidarebehandling av avfall frå husstandar og næringslivet. I tillegg administrerer selskapet slamtømmingsavtalen for eigarkommunane.

Selskapet sitt føremål, jamfør selskapsavtalen, er å dekke eigarkommunane sine behov, plikter og oppgåver med tanke på å utføre lovpålagde tenester, oppnå miljø- og klimamål, og å gi innbyggjarane eit kostnadseffektivt og likeverdig tenestetilbod.



# Nasjonale og internasjonale miljøkrav

Innan 2035 er det ei rekke nasjonale og internasjonale klimamål som skal vere oppnådd. Noreg og EU har forplikta seg til eit mål om 65 % materialgjenvinning og ombruk. Denne målsettinga både er og vil bli førande for korleis SSR legg opp henteordningane, gebyrmodellen, sorteringa på miljøstasjonane og ettersorteringa på anlegget, og kva teknologi og gjenvinningsløysingar selskapet skal velje.

Målet er å behandle avfallet så nær toppen av avfallspyramiden som mogleg (sjå figur s. 7). Kjerneoppgåvene til SSR ligg først og fremst i dei nedste trinna, gjennom materialgjenvinning, energigjenvinning og deponi. Samtidig skal selskapet legge til rette for løysingar der det som er på veg til å bli kasta heller kan brukast om igjen.

SSR har som målsetting å oppnå minst 65 % materialgjenvinning og ombruk kvart år i strategiperioden.

Noreg og EU har forplikta seg til eit mål om **65 %** materialgjenvinning og ombruk innan 2035.



# Menneske og organisasjon

SSR skal som verksemd ha eit kompetent fagmiljø på avfall, gjenvinning, materalkunnskap, forureining og miljøtenester. Selskapet skal heile tida jobbe for å heve profesjonaliteten og kvaliteten i alle ledd av organisasjonen.

SSR skal ha ein administrasjon og driftsorganisasjon som gjer at vi kan løyse kjerneverksemda vår på eiga hand. Til større prosjekt og samarbeid, kan det vere nødvendig å hente inn ekstern kompetanse eller å samarbeide med andre renovasjonsselskap.

Tilsette i SSR skal bli oppmuntra til fagleg utvikling. Selskapet skal legge til rette for kompetanseheving, vidareutdanning og kursing, slik at dei tilsette er godt rusta til å møte interne og eksterne kvalitetskrav.

SSR skal halde fram med å vere ein arbeidsgivar som tek stort samfunnsansvar gjennom å tilby arbeidsinkludering, tilrettelagt arbeid og lærlingplassar. Dei siste åra har selskapet årleg lagt til rette for i snitt 20 personar i ulike arbeidsinkluderingsiltak. Dette nivået skal vi oppretthalde vidare.

Tilsette skal bli oppmuntra  
til fagleg **utvikling**.



# System og forvaltning

SSR skal ha henteordningar (dunkar) som oppfyller krava i avfallsforskrifta. Selskapet skal ha bringeordningar (miljøstasjon) for flest mogleg fraksjonar. Målet er å få alle fraksjonar høgast mogleg opp i avfallshierarkiet.

Materialgjenvinning skal prioriterast høgare enn pris også i dei tilfella materialgjenvinninga ikkje er lovpålagd, så lenge det er praktisk mogleg å gjennomføre.

SSR skal ha gode system for saksbehandling og følgje relevant forvaltningslovverk. Næringsdelen er unnateken offentleg innsyn, men skal ha tilsvarende gode system for kundeforholda sine.

Som eit offentleg selskap skal SSR likebehandle og støtte seg til gjeldande regelverk i alle vedtak som blir gjort.


I revidering av forskrift, skal selskapet jobbe for å legge seg tett opp mot bransjestandard.

Miljømål, tenestenivå og kostnadseffektivitet er dei høgste prioriteringane til selskapet.

SSR skal oppmode og legge synleg til rette for meir ombruk. Selskapet skal først og fremst ha ei tilretteleggingsrolle, som andre aktørar, profesjonelle og frivillige, kan drage nytte av.

I strategiperioden skal selskapet løfte forvaltningspraksisen sin til eit høgare nivå, gjennom innføring av nytt saks- og arkivsystem.

Gjenvinning **bra**,  
Gjenbruk **betre**,  
Mindre avfall **best!**





## Teknologi og digitalisering

SSR skal framover få mest mogleg av bil- og maskinparken vekk frå fossilt drivstoff og over på alternative løysingar. Selskapet følgjer med på utviklinga, og skal fase inn ny teknologi der det er praktisk og økonomisk forsvarleg.

Identifisering av kundar på miljøstasjonen vil vere ei viktig brikke i å få på plass eit meir datadrivne selskap, der ein får tilgang til talmateriale som igjen kan nyttast til å forbetre både tenesta, statistikkrapportering og sikre at ordningane ikkje blir misbrukte.

SSR skal ta i bruk dei moglegheitene som finst for god informasjonsdeling og kundekontakt gjennom nettsida. I strategiperioden skal nettsida fornyast, for å gjere det enklare for innbyggjarane å finne fram til den informasjonen dei treng.

SSR skal først og fremst satse på kjerneverksemda si, å samle inn avfall. I dei tilfella det er hensiktsmessig å ettersortere eller vidareforedle råvarene for å oppnå høgare lønsemd, skal dette gjerast. Store investeringar i industrielle anlegg er ikkje ein del av kjerneverksemda, og skal derfor ikkje ha prioritet.

SSR skal arbeide for å oppnå stordriftsfordelar gjennom samarbeid og løysingar saman med andre renovasjonsselskap i regionen.

Identifisering av kundar på  
**miljøstasjonen** vil vere ei viktig  
brikke å få på plass.

# Drift

SSR skal arbeide for å sikre seg areal i tilknytning til eksisterande anlegg, for å kunne imøtekomme framtidige sorteringskrav på ein driftseffektiv måte, utan fordyrande logistikk.

SSR skal følgje med på dei moglegheiter som finst for automatisering av ulike prosessar, både i produksjonen og i kundebehandlinga. Der ein ikkje påfører selskapet nemneverdig risiko, skal ein også teste ut nye driftsmetodar for å oppnå høgare kostnadseffektivitet og større brukarvenlegheit.

Selskapet skal halde fram med å tilby tenester også til næringskundar. Selskapet bør greie ut omfanget og sørge for forsvarleg, effektiv og lovleg organisering av næringsverksemda.

SSR skal følgje med på dei moglegheiter som finst for **automatisering** av ulike prosessar.



# Kommunikasjon

SSR skal gjere det lett for innbyggjarane å sortere rett. Tydeleg informasjon er viktig, og den nye merkeordninga bør brukast på alt av utstyr og miljøstasjonar. Betre sortering vil heve kvaliteten på avfallstypene, som igjen vil lønne seg økonomisk og bidra til høgare materialgjenvinning.

SSR skal med jamne mellomrom gjere plukkanalyser av avfallet og formidle resultatet av desse til innbyggjarar og eigarar. Målet er å få ei stadig betre sorteringsgrad – og minst mogleg restavfall.

SSR skal bidra til å auke kunnskapen om kjeldesortering og berekraft i lokalmiljøet slik at flest mogleg får eit bevisst forhold til kvifor dei skal kjeldesortere, og ikkje minst – veit korleis. SSR skal tilby besøk og omvising til barnehagar, skular, lag og organisasjonar.

SSR skal oppmuntre og leggje til rette for frivillig strandrydding i lokalmiljøet ved å dele ut utstyr, ta imot og handtere avfall som innbyggjarane plukkar. Frivillig strandrydding bidrar til mindre forsøpling, og unge og vaksne får eit meir bevisst forhold til naturen og nærmiljøet.

SSR skal ha god innsikt i sine sterke og svake sider, og skal samanlikne seg med andre selskap i bransjen.



SSR skal  
gjere det **lett** for  
innbyggjarane  
å sortere  
rett.

# Oppsummert

## SSR sine hovudmål for komande strategiperiode er å:

- Oppnå mest mogleg materialgjenvinning, så kostnadseffektivt som mogleg.
- Forbetre system og drift gjennom digitalisering, ny teknologi og samarbeid.
- Gjere det lett å sortere rett gjennom god informasjon og kommunikasjon.

## Dette gjer vi gjennom å:

1. Satse vidare på kompetente medarbeidarar i alle ledd.
2. Jobbe meir effektivt gjennom optimalisering av ruter og rutinar.
3. Ny og betre skilting og merking av avfallsfraksjonane heime og på miljøstasjonane.
4. Gjere nettsida meir brukarvenleg og sjølvbetjent.
5. Få mest mogleg av bil- og maskinparken vekk frå fossilt drivstoff der det er praktisk og økonomisk forsvarleg.
6. Betre den interne informasjonsflyten gjennom felles system og digitale verktøy.
7. Sikre rett saksbehandling gjennom nytt saks- og arkivsystem.
8. Kvalitetssikre prosedyrar og arbeide for betre flyt i alle prosessar.
9. Sikre selskapet meir areal for vidare utvikling, vekst og effektiv drift.
10. Samarbeide med andre renovasjonsselskap for å oppnå felles gevinst.

